

**Forslag til tekst i politisk sak:**

## Harmonisering av sjølvkostfond vatn og avløp (VA)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

### Saksutgreiing

### Bakgrunn

#### Vurdering:

I samband med etablering av Alver kommune må kommunane Lindås, Meland og Radøy ta stilling til kva ein skal gjere med sjølvkostfond for vatn og avløp (VA). Eit sjølvkostfond med overskot er pengar som kommunen skuldar innbyggjarane på grunn av at tidligare gebyr har vore for høge. Motsett er underskot på fondet pengar som innbyggjarane skuldar kommunen fordi gebyra har vore for låge. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har uttalt at ved kommunesamanslåingar bør sjølvkostfonda vere relativt sett like store, altså at dei er like målt i kroner per innbyggjar/abonnent. Anbefalinga frå departementet er at sjølvkostfonda går i null. For å unngå ei kryss-subsidiering mellom kommunane i overgangen til Alver, må kommunane ta stilling til kva alternativ dei skal velje for å harmonisere sjølvkostfonda. Sjølvkostbudsjettet for 2019 er det siste året kommunane har muligkeit til å samordne og justere desse fonda. Ein god budsjettprosess som tar omsyn til aktiviteten på VA dei neste åra, vil kunne bidra til at fondsbalansen inn i Alver utviklar seg slik det er planlagt.

Alle kommunane i Alver har bygd opp sjølvkostfond på VA og det er planlagt betydelige investeringar for alle kommunar i økonomiplanperioden. Rådmannen sitt utgangspunkt er at kommunane må tenke langsiktig og ein må sjå på ein modell som gir minst mulig utslag for abonnentane i overgangen frå eksisterande kommunar i 2019 og til Alver i 2020. Med bakgrunn i dette vil det truleg vere mest tenleg å finne ein modell der ein vidarefører fond på vatn og avløp i alle kommunar i 2019, og at ved utgangen av 2019 er fonda relativt like store målt i kroner per abonnent.

Per 31.12.18 vil prognosene for sjølvkostfonda i dei tre kommunane vere følgjande:

Fondsprognose 31.12.2018	Lindås	Meland	Radøy	Totalt
Vatn	1 292 000	3 034 129	1 475 300	<b>5 801 429</b>
Avløp	12 527 000	2 382 772	1 901 427	<b>16 811 199</b>

Det er rekna på fleire modellar for at sjølvkostfonda skal vere like store per abonnent ved utgangen av 2019.

#### Alternativ 1:

Det alternativet som rådmannen anbefaler legg opp til følgjande sjølvkostfond per 31.12.19:

- Sjølvkostfond for vatn per abonnent er kr 250
- Sjølvkostfond for avløp per abonnent er kr 1.200

Gebyrbereking i 2019 blir då følgjande:

<b>Gebyr 2019 vatn</b>	<b>Lindås</b>	<b>Meland</b>	<b>Radøy</b>
Fond vatn 31.12.19	1.157.250	799.500	496.250
Fond per abon. 31.12.19	250	250	250
Årgebyr bustad 2019	3.717	3.696	2.967
Endring i %	25%	-11%	40%

<b>Gebyr 2019 avløp</b>	<b>Lindås</b>	<b>Meland</b>	<b>Radøy</b>
Fond avløp 31.12.19	4.659.600	2.277.600	866.400
Fond per abon. 31.12.19	1.200	1.200	1.200
Årgebyr bustad 2019	1.663	3.353	2.919
Endring i %	-54%	9%	-8%

<b>TOTALENDRING VA</b>	<b>Lindås</b>	<b>Meland</b>	<b>Radøy</b>
Årgebyr 2019	5.381	7.049	5.886
Endring i %	-19%	-3%	11%

**Vurdering:**

For det enkelte sjølvkostområdet vatn og avløp kan det gje enkelte store utslag, mellom anna på gebyrauke for vatn på Radøy og reduksjon på avløp i Lindås. Men endringa totalt sett for både vatn og avløp gir mindre utslag.

Her kan kvar enkelt kommune legge inn ei kommunevis vurdering om det er naudsynt.

**Alternativ 2:**

Dette alternativet legg opp til å bygge alle fonda ned til 0 i 2019. Dette vil gje følgjande gebyrutvikling:

<b>Gebyr 2019 vatn</b>	<b>Lindås</b>	<b>Meland</b>	<b>Radøy</b>
Fond vatn 31.12.19	0	0	0
Fond per abon. 31.12.19	0	0	0
Årgebyr bustad 2019	3.577	3.466	2.729
Endring i %	20%	-17%	28%

<b>Gebyr 2019 avløp</b>	<b>Lindås</b>	<b>Meland</b>	<b>Radøy</b>
Fond avløp 31.12.19	0	0	0
Fond per abon. 31.12.19	0	0	0
Årgebyr bustad 2019	406	2.261	1.804
Endring i %	-89%	-26%	-43%

<b>TOTALENDRING VA</b>	<b>Lindås</b>	<b>Meland</b>	<b>Radøy</b>
Årgebyr 2019	3.983	5.727	4.534
Endring i %	-40%	-21%	-14%

**Vurdering:**

Det å bygge ned alle fonda til 0 i 2019 gir store utslag på alle områder. Med dei investeringane som er lagt inn i økonomiplanperioden må Alver kommune truleg auke gebyra igjen kraftig i 2020 for å bygge opp igjen fonda, og dette vil skape store variasjonar frå det eine året til det andre. Det er ikkje anbefalt å bruke dette alternativet.

**Tilråing frå rådmannen:**

Lindås, Meland og Radøy må harmonisere sjølvkostfonda for VA i overgangen til Alver. Dette kan bli gjennomført ved å bygge ned alle fonda til 0 i 2019, noko som vil gje særstakke store utslag på gebyra i 2019. Men alle kommunane har lagt opp til store investeringar på VA i perioden 2019 – 2022, og det er derfor mest tenleg å halde på sjølvkostfonda også i overgangen til Alver. Då vil ein unngå store svingingar i gebyrnivået frå 2019 til 2020. Rådmannen anbefaler derfor ein modell der sjølvkostfonda VA i dei tre kommunane er relativt sett like målt i kroner per abonnent ved utgangen av 2019. Modellen som er anbefalt vil gje følgjande totalendring for gebyr på vatn og avløp per kommune i 2019:

- Lindås: -19%
- Meland: -3%
- Radøy: 11%